



Denne vegen bør stengjast for gjennomkøyring, meiner dei som bur i det nye bustadkomplekset. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Den bratte grusvegen frå riksvegen og ned til Beinavikjo bør stengjast for gjennomkøyring, meiner dei som er i sameige ved Uskedalen Brygge (no i følge annonsar omdøyppt til Beinavikjo Brygge).**

Marit Langballe skriv slik til kommunen:



"Sidan det er garasjar på begge sider av vegen er det dårleg oversikt når ein kjem ned bakken og køyrer mellom garasjane.

Det er og vanskeleg å høyra bilane som kjem når ein er inne i garasjane, dette er spesielt farleg for born.

Det som køyrer inn til garasjane har mykje mindre fart enn dei som kjem ned bakken, og er difor ikkje så farlege".



Her mellom garasjane kan det oppstå farlege situasjonar. (Foto: Ola Matti Mathisen)